



Arkivnr: 2014/8-32

Saksbehandlar: Lise Fauskanger Ådlandsvik

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		19.04.2017

Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar 2017**Samandrag**

Det er eit ynske hjå fylkeskommunen at alle kommunane i Hordaland til ei kvar tid har oppdaterte trafikksikringsplanar der det går fram kva for utfordringar kommunen har på trafikksikringsområdet gjennom ulukkesstatistikk og kartleggingsarbeid, saman med konkrete forslag til korleis arbeidet skal følgjast opp både gjennom fysiske og trafikantretta tiltak. I gjeldane handlingsplan for perioden 2014-2017 er det sett av totalt 1 mill kr til dette tiltaket. I budsjettet for 2017 er det sett av 500.000 kroner til denne tilskotsordninga.

Det var motteke tre søknader til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar innan fristen som var sett til 01.04.17. Det er søkt om tilskot på totalt 240.000 kroner.

Forslag til vedtak

1. Os kommune får tildelt tilskot på kr 40.000 kr til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan.
2. Øygarden kommune får tildelt tilskot på kr 75.000 kr til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan.
3. Vaksdal kommune får tildelt tilskot på kr 125.000 kr til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan for Dale.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Søknad frå Os kommune. Rullering av trafikksikringsplan 2018-2022
- 2 Søknad frå Øygarden kommune
- 3 Vedlegg til søknad. Øygarden kommune. Framlegg til planprogram - Rullering av kommunedelplan for trafikksikring 2017-2020
- 4 Søknad frå Vaksdal kommune. Søknad om tilskot til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan for Dale

Fylkesrådmannen, 15.03.2017


Bakgrunn

Det er eit ynskje hjå fylkeskommunen at alle kommunane i Hordaland til ei kvar tid har oppdaterte trafikksikringsplanar der det går fram kva for utfordringar kommunen har på trafikksikringsområdet gjennom ulukkesstatistikk og kartleggingsarbeid, saman med konkrete forslag til korleis arbeidet skal følgjast opp både gjennom fysiske og trafikantretta tiltak. I gjeldane handlingsplan for perioden 2014-2017 er det sett av totalt 1 mill kr til dette tiltaket. I budsjettet for 2017 er det sett av 500.000 kroner til denne tilskotsordninga.

Kriteria for tilskotsordninga

- Søknadsfrist ein gong i året.
- Rett til å søkje: Kommunane i Hordaland.
- Søknader i brevs form. Søknaden skal gje ein oversikt over arbeidet som skal setjast i gang, samt ha med eit budsjettet for å etablere planen, inkludert kostander til evt. konsulenthjelp.
- Tilskotet kan gå til kjøp av konsulentteneste og trykking. Tilskotet kan ikkje gå til bruk av administrative kostnader og driftsutgifter (kommunale ressursar).
- Endeleg plan skal sendast til Hordaland fylkeskommune, og fylkeskommunen er høyringspart.

Oversikt over tilskot frå FTU til kommunale trafikksikringsplanar 2011-2016



Kort om søknadane

Det var motteke tre søknader til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar innan fristen som var sett til 01.04.17, og det er søkt om tilskot på totalt 240.000 kroner.

Os kommune sin gjeldande trafikksikringsplan er for perioden 2014-2018. Kommunen har no starta opp arbeidet med å rullere planen som skal gjelde for 2018-2022. Tilskotsmidlane skal gå til annonser, trykking, porto ol. Os kommune søker om tilskot på 40.000 kr.

Vaksdal kommune søker om tilskot til å utarbeide ein trafikksikringsplan for kommunesenteret Dale. Kommunen vil gjere ei større kartlegging av kommunesenteret med fokus på trygg skuleveg og nærmiljø, hjartesone for skulen, betre forhold for gåande og syklande. I tillegg kjem av- og påstigning for skuleskyss. Det er planlagt ei gjennomføring av ulike tiltak i en 5-års periode. Kommunen har behov for å knytte til seg fagleg kompetanse for å gå utarbeida ein slik plan, og søker om 125.000 kr i tilskot.

Øygarden kommune sin gjeldande trafikksikringsplan er for perioden 2012-2016. Kommunen har no starta opp arbeidet med å rullere planen som skal gjelde for 2017-2020. tilskotsmidlane skal gå til opptrykking av ferdig plan og til konsulentarbeid. Øygarden kommune søker om tilskot på 75.000 kr.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Denne tilskotsordninga har fungert godt i dei åra den har eksistert, og frå 2011-2016 er det 25 kommunar som har fått stønad til å utarbeide sin kommunale trafikksikringsplan. Ingen av desse kommunane har fått tildelt tilskot på over 200.000 kroner. Det lågast tilskotet som er utbetalt er på 30.000 kroner.

Dei tre søknadane av 2017 er har ein total søknadssum på 240.000 kroner.

Når det gjeld søknaden frå Vaksdal kommune så skil denne seg ut, i og med at dette gjeld ein plan avgrensa til Dale, og med det ikkje ein ordinær kommunal trafikksikringsplan. Fylkesrådmannen rår likevel til at kommunen får midlar til å utarbeide ein slik plan. Vaksdal kommune var den fyrste til å verte godkjent som trafiksikker kommune i Hordaland. Kommunen har både i prosessen med å verte godkjent, men og i etterkant, vist at dei arbeider godt med trafikktryggleik, og ser moglegheiter og tenkjer nytt for å få best mogleg resultat.

Fylkesrådmannen merkar seg at summane som det vert søkt om er relativ låge samanlikna med tidlegare år. Dette har nok samanheng med at mykje av arbeidet vert gjort av kommunen sjølv. Det er positivt med tanke på at kommune får eit særleg eigarskap til planen.

Ut frå dette så rår fylkesrådmannen rår til at alle kommunane får tildelt den summen dei søker om, med ei slik fordeling; Os kommune får tildelt 40.000 kr, Vaksdal får tildelt 125.000 kr, og Øygarden kommune får tildelt 75.000 kr.